**Fylkesstyret:**

| Namn | Verv | Oppmøte | Mobil | E-post |
|---|---|---|---|---|
| Inge Martin Karlsvik, 6490 Eide | Leiar | **Møtt** | 95264979 | inge.karlsvik@mimer.no |
| Birgit Oline Kjerstad, 6293 Longva | Nestleiar | **Møtt** | 48111549 | birgitkj@online.no |
| Anne Katrine Jensen, 6638 Osmarka | Styremedlem | **Møtt** | 90156039 | anne.katrine@hansgarden.no |
| Hans Frafjord, 6390 Vestnes | Styremedlem | **Møtt 12.30** | 41518991 | hfraf@broadpark.no |
| Arne Rekkedal, 6165 Sæbø | Styremedlem | **Møtt** | 99649978 | arne.rekkedal@tussa.com |
| Erik Olufsen, 6690 Aure | 1. vara | **Møtt** | 97787421 | erik.olufsen@sweco.no |
| Christine Strandmann, Keiser Wilhelmsgate 62, 6003 Ålesund | Fylkesleiar BKL | **Møtt til 12.30** | 99244515 | cstrandmann@hotmail.com |
| Arnhild Heggemsli Harstad, Storhågvegen 7, 6631 Batnfjordsøra | Fylkesleiar BU | **Forfall** | 41605033 | arnhild.bu@hotmail.com |
| | | | | |
| **Til orientering:** | | | | |
| Petter Melchior, 6214 Norddal | 2. vara | | 92283477 | petter.melchior@c2i.net |
| Elling Kvammen, 6440 Elnesvågen | 3. vara | | 91824069 | elling.kv@hotmail.com |
| **Sekretariatet** | | **Tlf. arbeid** | | |
| Arnar Lyche | org.-sjef | 71202897 | 41418871 | arnar.lyche@bondelaget.no |
| Arild Erlien | rådgjevar | 71202895 | 99726399 | arild.erlien@bondelaget.no |
| Atle Frantzen | org.-konsulent | 71202894 | | atle.frantzen@bondelaget.no |
| Anne Turid Myrbostad | førstekonsulent | 71202890 | 95944610 | anne.turid.myrbostad@bondelaget.no |

# Protokoll frå styremøte i Møre og Romsdal Bondelag torsdag 16. februar 2012 kl. 10.30 – 17.00 på Felleskjøpets møterom, Molde

**1/2012 Godkjenning av innkalling og sakliste**
Ekstra: Utdeling av bok om EØS, og event deling av kostnader
Beitekravet og korleis vi handterer det.
**Vedtak:** Innkalling og sakliste godkjend

**2/2012 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 24. og 25. januar 2012**
**Vedlegg:** Protokoll, som også var utsendt på e-post for godkjenning.
**Vedtak:** Protokoll frå styremøtet 24. og 25. januar godkjend.

**SAK 10/2012: Årsmøtet M&R Bondelag 9.-10. mars 2012**
**Program, sakliste, uttaler, redaksjonsnemnd (og innkomen sak ….)**

**Vedlegg:** Revidert programutkast og innkalling og sakliste til årsmøtet.

1 **Vedtak:** Saklista for årsmøtet godkjend
Programutkastet med merknadar blir lagt til grunn for det vidare arbeid.
Det blir sendt ut ein brei invitasjon til landbrukskonferansen viss får stort nok møtelokale på hotellet.

2 **Vedtak:** Styret vil **førebu utkast til uttale** frå årsmøtet på tema:

1. **Landbruksmeldinga og produksjonsvekst**
2. **Beitekrav**
3. **Rekruttering**

**3 Styret gjer framlegg om redaksjonsnemnd på 3 medlemer totalt:**
**<u>Vedtak:</u>** Leiar i redaksjonsnemnda frå styret: 1) Erik Olufsen
Medlemmer: Hans Frafjord + ein til oppnemnt på styremøtet 6. mars
Styret handsamar framlegg til uttaler i neste møte 6. mars.

**4. Ingen innkomne saker til årsmøtet.**

## SAK 11/2012: Årsmelding for Møre og Romsdal Bondelag 2011

**Vedlegg:** Utkast til delar av årsmeldinga var sendt ut til styret på e-post
Sekretariatet fullfører arbeidet med bilete osb.
**<u>Vedtak:</u>** Styret sin innstilling til årsmøtet:
Årsmelding for Møre og Romsdal Bondelag 2011 godkjend.

## SAK 12/2012: Rekneskap for Møre og Romsdal Bondelag 2011

**Vedlegg:** Rekneskap for Møre og Romsdal Bondelag 2011
Rekneskapet for 2011 er lagt om, ført av Norges Bondelag og revidert saman med Norges Bondelag sine rekneskap. Bankkonto ligg også i Norges Bondelag.

Rekneskapet er framleis ført etter kontantprinsippet slik at inntekter og utgifter er ført det året dei kjem.

Rekneskapet er ført etter ny kontoplan. Nytt er at m.a. postane Fylkesleiar og Opplæring av tillitsvalde er teke inn i fylkeslaget sitt rekneskap. Det er difor vanskeleg å samanlikne med postane for 2010.

Under post 3930 Refusjonar og tilskot er m.a. kr 400.000 til vårt prosjekt Rekruttering frå LMD via fylkeskommunen. Ein del av kostnadene på prosjekt Rekruttering vart teke alt i 2010, medan tilskotet vart motteke juni 2011.

Rekneskapet viser ei driftsinntekt på kr. 1 777 918,75 og ein driftskostnad på kr. 1.343.110,49. Renteinntekter var på kr. 30.521,78. Resultat for 2011 var kr. 465.329,15
<u>Balansen er følgende:</u>
Eiendeler: Bankinnskudd: 1.473.471,49
Gjeld og Egenkapital: Egenkapital: 1.473.471,49

**Styret sin tilråding til vedtak i årsmøtet med atterhald om Norges Bondelags revisor sin godkjenning:**

**<u>Vedtak:</u>** Rekneskapet for Møre og Romsdal Bondelag for 2011 er godkjend med atterhald om Norges Bondelags revisor sin godkjenning. Rekneskapet er gjort opp med eit årsoverskot på **kr 465.329,15.** Eigenkapitalen 1.1.2012 er **kr 1.473.471,49**

## SAK 13/2012: Arbeids- og tiltaksplan for Møre og Romsdal Bondelag 2012-2013

**Vedlegg:** Framlegg.
Dette kom fram i styret: Planar om tema-konferanse for Midt-Norge, lagt til Møre og Romsdal i nov.
**Styret sin innstilling til vedtak i årsmøtet:**
**<u>Vedtak:</u>** Arbeids- og tiltaksplan for 2012-2013 godkjend.

## SAK 14/2012: Budsjett for Møre og Romsdal Bondelag 2012

**Vedlegg:** Framlegg budsjett var sendt ut på e-post til styret.
Det er løyvd 300.000 til prosjekt Rekruttering, som blir teke med i budsjettet.
Kontoret legg inn aktivitetar på rekruttering i arbeidsplan og budsjettet, t.d. aktivitetar i lokallaga, Studietur unge bønder, Likestillingskonferanse. Kontoret legg fram plan for dette for styret.
**Styret sin innstilling til vedtak i årsmøtet:**
**<u>Vedtak:</u>** Budsjett for Møre og Romsdal Bondelag 2012 godkjend.

## SAK 15/2012: Vinnar av Aktivt Lokallag 2011

**Vedlegg:** Meldingsskjema til lokalt Bondelag. Medlemstal pr. 31.12.11 ligg i utkast til årsmelding.
Aktivt Lokallag 2010 vart Rauma BL.
Åra før Sykkylven Bondelag (2009), Averøy BL (2008), Gjemnes BL (2007), Todalen BL (2006), Aure BL (2005), Sykkylven BL (2004), Vestnes BL (2003), Rindal BL (2002), Straumsnes BL (2001), Skjåstaddalen BL (2000) og dei to åra før det Indre Averøy BL (1999 og 1998).

Mange lag har brei aktivitet og godt vervingsarbeid som er mellom føresetnadene for nominering. Aktuelle lag bør ha drive medlemsverving, tilbod til medlemene og utadretta aktivitetar.
Styret vurderte fleire lag som aktuelle kandidatar.

**Vedtak:** Styret vil på årsmøtet utnemne **XXX Bondelag til Aktivt Lokallag 2011**.
Laget får vandrepremien, trekofferten. Årets Aktiv Lokallag i kvart fylke får kr 5 000 frå Norges Bondelag. Laget går vidare til konkurransen i Norges Bondelag om Årets Lokallag.
**Namn på vinnar er FORTRULEG til fylkesårsmøtet**

## SAK 16/2012: Landbrukets påskekampanje – fokus på landbruksmelding og jordbruksforhandlinger! *Ingen egg uten høner, ingen mat uten bønder!*

**Vedlegg:** Informasjonsskriv
**Hvorfor?** Ved påsketider skal landbruks- og matmeldinga sluttbehandles i Stortinget. Ikke lenge etter kommer jordbruksforhandlingene, som blir den første testen på om regjeringa har tenkt å følge opp de høye ambisjonene i landbruksmeldinga i form av et godt økonomisk tilbud i forhandlingene.
**Budskap?** Norge og verden forøvrig trenger mer mat i tida som kommer for å holde tritt med befolkningsveksten.
**Når?** Uka før påske (uke 13), med hovedkampanjedag **torsdag 29. mars**.
**Målgruppe?** Hovedmålgruppa for kampanjen vil være politikerne på alle nivåer, lokal- fylkes- og stortingspolitikere. I tillegg vil vi gjerne nå folk flest.
**Lokallagas oppgaver?** Lokallaga skal kontakte ordfører og kommunepolitikere, gjerne med lokalmediene på slep. Vi vil også gjerne at lokallaga gjør tiltak rettet mot folk flest på påsketur. Lokallagene får tilsendt kampanjepakker bestående av:

- eggkartonger (4 pk) med påtrykt budskap som dere selv kan fylle med innhold (egg, sjokoladeegg, andre symbolske effekter)
- en kampanjeavis med et budskap om økt matproduksjon og påskemoro som landbruksquiz eller kryssord
- et tipshefte med aktivitetsforslag for kampanje rettet mot politikere og folk flest.

**Vedtak:** Styret sluttar seg til opplegget og tek orienteringa til vitande.

## SAK 17/2012: Val til årsmøtet i Norges Bondelag

Fylkeslaga sin frist for å kome med innspel til valnemnda i Norges Bondelag er 1. mars 2012.
Inge Martin Karlsvik er medlem i valnemnda for 2011 og 2012 med vara Birgit Oline Kjerstad som repr. for fylka Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag.
På møtet var det orientering om arbeidet i valnemnda i Norges Bondelag v/Inge Martin Karlsvik
**Vedtak:** Møre og Romsdal Bondelag har peika på kandidatar til nye verv, m.a. Arne Magnus Aasen, Kristin Iansen, Lars Peder Bartnes, Einar Frogner, Arnstein Røyneberg, Bjarne Leonhardsen, Odd Einar Hjortnes, Hans Edv Torp.
Styret sender brev til valnemnda der fylkeslaget kjem med vurdering av aktuelle kandidatar.

## SAK 18/2012: Jordbruksforhandlingane 2012

**Vedlegg:** Utkast til uttale frå fylkesstyret 6.-7. desember 2011 som vart sendt lokallaga i desember.
Høringsfrist Lokallaga til fylkeslaget er 20. februar 2012
**Sentrale datoar i årets forhandlingar er**:

- 27. april: Jordbruket presenterer sitt krav
- 7. mai: Staten presenterer sitt tilbod
- 16. mai: Jordbruksforhandlingane skal vere avslutta

**Vedlegg blir utdelt:** Innkomne uttaler til no.
Saka blir behandlet i utvidet styremøte med samvirkerepresentanter 6. mars 2012.

Arbeidsutvalet (Karlsvik, Kjerstad, Lyche) har møte søndag 4. mars (Inge Martin på ferie 24.feb-2.mars)
Styret gjekk gjennom førsteutkastet etter innspel i møter og signal som har kome så langt.
Pr 16. februar kome uttale frå 2 lokallag.

**Vedtak:** Det som kom fram i møtet blir teke omsyn til av Arbeidsutvalet i sitt arbeid med utkast til uttale framfor styremøtet 6. mars.

## SAK 19/2012: Arbeidsplan 2012 for samarbeidet mellom M&R Bondelag og Gjensidige

**Vedlegg:** Utkast til arbeidsplan
Fylkesleiar og org.-sjef hadde 8. februar møte med Per-Asbjørn Andvik og Knut Bertil Øygard frå Gjensidige.
Målet for samarbeidet er:

- Å skape grunnlag for enda flere medlemmer til Norges Bondelag og øke andelen av medlemmer i Norges Bondelag som har og samler sine forsikringer i Gjensidige.
- At det ikke skal skje skader eller ulykker på min gård
- At medlemmene i Norges Bondelag skal ha riktige, kostnadseffektive og gode forsikringsløsninger

**Vedtak:** Styret sluttar seg til arbeidsplan 2012 for samarbeidet mellom M&R Bondelag og Gjensidige

## SAK 20/2012: Aksjonsplanar for Møre og Romsdal Bondelag og Norges Bondelag

Fylkeslaget har ikkje fått frist for innsending av aksjonsplan til Norges Bondelag.
Styret drøfter aksjonstiltak på fritt grunnlag.
**Vedtak:** Det blir oppretta 6 lokale aksjonskomitear (tilpassa media-tettheit) beståande av lokallagsleiarar, og som sjølv vurderer kva dei vil gjere ved eit brot. Lokallaga får då eit eigarforhold til aksjonane.

- Ørsta/Volda/Ulstein (ytre søre Sunnmøre)
- Ålesund-regionen (nordre Sunnmøre)
- Stranda/Sykkylven (indre Sunnmøre)
- Molde-regionen (Romsdal)
- Kristiansund-regionen
- Sunndal/ Surnadal-regionen.

Styret vil arbeide vidare med planane. Forslag til personar i regionale aksjonskomitear blir fordelt på styremøtet 6. mars. Det blir vurdert lukka møte under fylkesårsmøtet for å drøfta aksjonsplanar.

## SAK 21/2012: Saker til årsmøte og representantskapet i Norges Bondelag

Etter Norges Bondelags lover er frist for saker til representantskapet ? april 2012.
Frist for saker til årsmøtet er ? april 2012.

<u>Aktuelle saker å reise kan vere: Størrelsen på kontingenten i Norges Bondelag.</u>
**Vedlegg:** Info om kontingent og utrekning for 2012
Fylkesstyret og kontoret har fått tilbakemeldingar frå medlemmer som synest det no er høg kontingent.
Max-kontingent er kr 8.188 (kr 6.700 + mva 1488).
Styret vurderer å foreslå at for seinare år bør max kontingentgrense ligge uendra, og event. heller auke kontingenten i botn.
**Vedtak:** Saka blir utsett til styremøtet i mars. (Aktuell dag for styremøte er torsdag 29. mars)

## SAK 22/2012: Støtte til Møre og Romsdal Nei til EU for utdeling av bok til årsmøteutsendingane

Forespørsel frå Ole Kvalheim i Nei til EU i Møre og Romsdal om dei kan dele ut boka "Alternativer til EØS-avtalen" til alle på fylkesårsmøtet, og eventuelt deling av kostnader for innkjøp av boka.
**Vedtak:** M&R Bondelag støtter utdeling av boka til årsmøteutsendingane med kr 4.000.

# SAK 23/2012: Referatsaker

**1 Medlemsutvikling hittil i år:**
**Vedlegg:** Medlemstal 01/01-12: 3.369 Medlemstal pr. 10/02-12: 3.367 **= - 2**
Nyinnmelde hittil i 2012: **29**

## 2 Arbeids- og møteplan 2011-2012 (Dato ajourført: 16. februar 2012)

Vinterferie i skulen: Veke 8 – 20.-24. februar 2012

| Dato/Månad | Tiltak/Arrangement | Stad | Deltakarar/Ansvarlege |
|---|---|---|---|
| **16. februar** | Styremøte årsmelding rekneskap m.m. | Molde | Fylkesstyret |
| 20. februar | Lokallaga frist uttale jordbruksavtala | | |
| 28. februar | Frist påmelding fylkesårsmøtet | | Lokallaga og utsendingar |
| 1. mars | Kontingentforfall | | |
| **6. mars** | **Styremøte utvida.** Uttale jordbruksforh | Molde | Fylkesstyret + samvirkerepr |
| **9. mars** | **Landbrukskonferansen** i lag LNordvest,FMLA | Molde Rica Seilet | Landbruksinteresserte |
| **9.-10. mars** | **Årsmøte M&R Bondelag** | Molde Rica Seilet | Årsmøteutsendingar og gjestar |
| **26.-30.mars** | **Informasjonsaksjoner Norges Bondelag** | | Alle lokallag |
| **29. mars - torsdag** | **Aksjonsdag -** Landbrukets påskekampanje | | Alle lokallag |
| **11.-13. april** | **FK-veka** | Molde | Fylkeslaget |
| **15. april** | **Påmelding Open Gard** | | Lokallaga |
| 13.-14. juni 2012 | Årsmøte Norges Bondelag | Lillehammer | Årsmøteutsendingar |
| **26. aug** | Open Gard | | Lokallaga |
| **22.-26.august** | Den Norske Matfestivalen | Ålesund | |
| 28.-29. august | Sekretariatskonferanse | Hønefoss | Heile kontoret |
| **31.aug.-2. sept** | Dyregod-dagane stand + evt møte | Gjemnes | |
| **4.-5. sept** | Landbrukskonferanse, Fylkesmannen | Geiranger | |

## 3 Representasjon og invitasjon til andre møter og arrangement:

**22. februar: Ekstraordinært representantskap i NB om landbruks- og matmeldinga.** Oslo, Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche

**25. februar: Beiting i utmark, konferanse på Alexandra, Molde,** Arnar Lyche
I samband med årsmøtet til Møre og Romsdal Sau og Geit blir det halde konferanse laurdag 25. februar med småfebeiting på programmet. Beitedyra er svært viktige for landbruk og reiseliv på Vestlandet. Det er både gleder og utfordringar knytt til å ha dyra fritt på utmarksbeite, og vi ønskjer på denne konferansen å sette søkjelyset på nokre viktige tema for beitebruken i vår region.

**25. februar: Fagmøte og årsmøte TYR Møre og Romsdal, Angvika i Gjemnes,** Arnar Lyche

**2. mars: Møte i analyse- og statistikkgruppe for Landbruksmelding i M&R**, Fylkeshuset, Molde. Arild Erlien medlem for Bondelaget.

**2. mars: Årsmøte i Giske Bondelag.** Arnar Lyche

**21. og 22. mars: Ordinært representantskapsmøte** i NB, Oslo, Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche
Tema på møtet er m.a. krav til jordbruksforhandlingene 2012 og aksjonsberedskap

**22. mars: Krokveld i Straumsnes Bondelag,** Arnar Lyche

## 4 Aktivitetar og møter i lokallaga

**Bønder på tur til Oppdal.** For fjerde året på rad drar **Gjemnes Bondelag** på tur for å ha det trivelig sammen med andre yrkeskollegaer. Stedet er fremdeles Oppdal med overnatting på Skifer Hotel 25.-26. februar. Skikjøring er en selvsagt aktivitet på Oppdal. AfterSki er også tilgjengelig for den som ikke har vært i bakken!!!

**Landbrukskonferanse i Surnadal fredag 10. februar: Velkommen til bords**
Konferansen eit samarbeidsproskjekt mellom Surnadal kommune, Surnadal Sparebank, Todalen Bondelag og Surnadal Bondelag. Tema: Landbruksmeldinga v/ Ola T Heggem
Framtid i landbruket i lys av landbruksmeldinga. Synspunkt fra grasrota v/ Oddvar Mikkelsen.
Grønne kroner – inntektsmuligheter i skogen.v/ Harald Nymoen
Småskala vindkraft, den nye energikilden på gard og i grend? v/ Roald Boge
Lokal verdiskaping i nærings– og kulturliv basert på natur og kultur v/ Børge Dahle
Tingvollost, en historie om tilfeldigheter og målretta jobbing v/ Kristin Waagen

# 5 Referat frå møter og arrangement

**27. januar: Møte i Midt-Norsk Samarbeidsråd,** Stjørdal, **Birgit Oline Kjerstad**
Hovedtema: Skolering av fremtidens tillitsvalgte – rekruttering av tillitsvalgte inn i konsernstyrer og faglagsstyrer nasjonalt. Årsmelding, regnskap og budsjett legges fram. Drøfting av regional temakonferanse. Skolering
- Krav til kompetanse i styret i samvirkekonsern og nasjonale faglagsstyrer v/ Fredmund Sandvik, leder i Norges Bondelags valgkomite og tidligere leder i Norsk Landbrukssamvirke
- Hva kan kursavd ved Norsk Landbrukssamvirke bidra med? v/ Aase Lømo
-Prosjekt "Samordnet opplæring av fremtidens tillitsvalgte" v/ Bjørn Finnanger
-Debatt: Hvordan gjør vi det i Midtnorge? Hvordan styrke kompetansen, eierfølelsen, osv…

**28. og 29. januar 2012 - Samling for unge bønder – nye medlemer i Bondelaget**
Samlinga vert halde på Hotell Rica Seilet. Invitasjon vart sendt ut på e-post og brev til alle medlemer under 35 år i M&R Bondelag (ca. 450) i desember, og marknadsført elles på heimeside, Bondeblad-spalta og andre media. Samlinga gratis for medlemmer i Bondelaget, og deltakaravgift for andre.
**Inspirerande rekrutteringssamling for bønder**
Bondelagets samling for unge, nye bønder i Molde 28. og 29. januar gav dei **25 deltakarane** godt med fagleg påfyll og motivasjon til å satse på ei framtid som bønder. Presentasjonsrunden ved opninga av samlinga viste imponerande bakgrunn og framtidsplanar til mange av dei nye næringsdrivande.
Samlinga på Rica Seilet Hotell i Molde hadde mange engasjerande og tankevekkande innlegg. Men minst like viktig på ei rekrutteringssamling for unge nye bønder er det sosiale samværet og det å bli kjent med og utveksle tankar og idear med andre som er i same situasjon. For alle har det same imponerande pågangsmotet – dei satsar på ei framtid som bønder. Erfaringa er også at svært mange av desse unge i framtida blir engasjerte medlemer og tillitsvalde i landbruksorganisasjonane.
Råd til unge bønder om det å vere ny bonde, vart teke opp av tre unge engasjerte kvinnelege bønder; **Bente Bjerkeset Solenes** (36), Gjemnes, **Jorunn Gunnerød (**35), Molde og **Eldrid Mordal Sollid** (40), Fræna. Her var tre opne og direkte innleiarar med kvar sin innhaldsrike presentasjon av seg og sin gard.
**Konservator Mads Langnes** frå Romsdalsmuseet gav forsamlinga eit meget godt innblikk i utviklinga i landbruket og det å vere ung bonde før og no.
**Fylkesleiar Inge Martin Karlsvik** presenterte Norges Bondelag som ein aktiv og attraktiv organisasjon for unge bønder, og tok for seg ulike organisasjonssaker og dei mange medlemstilboda som Bondelaget har. Vidare tok han føre seg næringspolitikk og faglege utfordringar.
**Inge Martin Karlsvik** delte også med forsamlinga sine erfaringar med eigarskifte og utbygging av garden sin på Eide.
**Lasse Krogseth**, til dagleg rådgjevar i økonomi og strategi i TINE Midt-Norge, tok grundig for seg det å styre garden som bedrift.
**Organisasjonssjef i M&R Bondelag, Arnar Lyche,** presenterte bønders erfaringar med mjølkerobot og innandørsmekanisering.
Rekrutteringssamlinga på Seilet Hotell i Molde vart avslutta med eit tankevekkande og inspirerande innlegg av æresmedlem i Møre og Romsdal Bondelag, **Guttorm Kjelsvik,** Vestnes. Han såg landbruk i perspektiv – om næringspolitikk, bønder og organisasjonar - og kva som legg føringar for utviklinga i landbruket.

**7. februar: Regionmøter om landbruksmeldinga med leiar i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke**
Omtale og bileter er lagt ut på heimesida.
Møre og Romsdal Bondelag inviterte medlemmer og tillitsvalgte i lokale Bondelag, og andre interesserte til to opne regionmøter om landbruksmeldinga og det komande jordbruksoppgjeret - dagmøte for Sunnmøre og kveldsmøte for Romsdal/Nordmøre.
Kl. 11.00-15.00: Sunde Fjord Hotell, Solevågen (ved fergekaia over til Festøy). (Lunsj ca 12.30)
Kl. 20.00: TINE Høgset, Gjemnes (Kveldsmat, pizza, frå kl. 19.30)
Innleiar på begge møta: Leiar i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke.

I tillegg deltok fylkesleiar Inge Martin Karlsvik og organisasjonssjef Arnar Lyche, saman med fylkesstyremedlemmene der det høvde for dei.

**Det møtte over 90 personar på dei to møta. 35 deltakere på dagmøtet på Sunde Fjord Hotell og over 55 deltakere på kveldsmøtet på Tine Høgset. Totalt møtte det frå 33 lokale Bondelag.**

Inntekt og rekruttering dominerte debatten, og en generell bekymring for utviklingen i næringen.

Forutan orientering om Landbruksmeldinga og jordbruksoppgjeret, var det sett av god tid til debatt og meiningsutveksling, og såleis godt høve for å diskutere direkte med leiaren i Norges Bondelag, Nils Bjørke, i forkant av styret i Norges Bondelag si behandling av meldinga 15. februar, og det ekstraordinære representantskapsmøtet i Norges Bondelag 22. februar.

**8. februar: Møte med Gjensidige,** Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche
Tema var arbeidsplan 2012 for samarbeidet mellom M&R Bondelag og Gjensidige

**9. februar: Medlemsmøte om jordbruksforhandlingane i Fræna Bondelag**, Arnar Lyche

**10. februar: Seminar om økologisk landbruk** i Møre og Romsdal, Høgskolen i Molde, Anne Katrine Jensen, Arnar Lyche.
Konferansen arrangert av Landbruk Nordvest i samarbeid med Møre og Romsdal Bondelag, Møre og Romsdal bonde- og småbrukerlag, Møre og Romsdal bygdekvinnelag og Fylkesmannens landbruksavdeling.

Innledere: Landbruksdirektør Anne Berit Løset: Myndighetenes målsetning om økologisk landbruk.
Sissel Hansen (Bioforsk Økologisk): God jordkultur gir gode avlinger og lite forurensing. Sverre Heggset (Landbruk Nordvest): God jordkultur; hvilke muligheter har vi for å møte utfordringene med teknikk? Aksel Nærstad (Utviklingsfondet): Hvordan kan økologisk landbruk gi mindre sult i verden. Rune Synnevåg (arkitekt/økolog/småbruker: Framtidsfrø – spirer til en bedre verden

**11. februar: Debattmøte om norsk mat på Høgskolen i Molde samlet 104 deltakere**
Møre og Romsdal Bygdekvinnelag og Møre og Romsdal Bondelag arrangerte. Fylkesmannen og Landbruk Nordvest medarrangører. Målgruppe for arrangementet var alle matinteresserte.

Hovedmålet med møtet var å spre kunnskap om mat og matproduksjon, sett fra både miljø-, helse- og global ressursfordelingsperspektiv. Det er forbrukeren med kjøpekraft som sitter med makten. En forutsetning for at landbruket og matindustrien skal levere sunne, reine og "rettferdige" produkter, er at kundene etterspør slike varer. Møteleder: Jarle Sanden, Romsdalsmuseet. Deltakeravgift: kr 200 (inkl. lunsj).**104 personer deltok.**
Innledere:

- **Mats-Eric Nilsson**, svensk journalist og forfatter av bestselgeren "Den hemmelige kokken". Han har solgt mer enn 400 000 bøker med tema om mat- og matkvalitet.
- **Katrine Kleveland,** leder i Norges Bygdekvinnelag. Hun arbeider aktivt med å spre kunnskap om genmodifisert mat.
- **Aksel Nærstad** fra Utviklingsfondet har markert seg sterkt i diskusjonen om hvilke landbruk verden trenger for å møte dagens og framtidens utfordringer.
- **Rose Bergslid**, rådgiver i Bioforsk og representerer det lokale landbruket. Hun rettet skråblikk mot vår egen matproduksjon.
- **Nils Nesje** representerer den kresne kokken. Hvilke krav stiller han til de gode råvarene?

**Heimeside 12.02.2012: - Forbrukeren har makta**
- Forbrukeren har makta, og har større makt enn du tror. Men det skjer ingen endring uten at forbrukeren endrer sine valg. Mitt inntrykk er at folk vet mer om mobiltelefon enn om mat!, sa den svenske journalisten og forfatteren av bestselgeren "Den hemmelige kokken", Mats-Eric Nilsson, på debattmøtet om mat på Høyskolen i Molde lørdag 11. februar, som samlet over 100 matinteresserte tilhørere fra hele fylket.

**Romsdals Budstikke 13.02.2012: Overrasket over matjuks**
Tror du på det som står på matvarene i butikkhylla? Det bør du kanskje ikke, mener gravejournalist Mats-Eric Nilsson. - Hvor mye kantarell tror dere denne kantarellsuppa inneholder? spør Mats-Eric Nilsson. Den svenske gravejournalisten og suksessforfatteren peker på et produktbilde på lerretet i en forelesningssal på Høgskolen i Molde. I salen sitter over hundre mennesker. Noen har kjørt 15 mil for å delta på debattmøte om mat i regi av Bondelaget, Bygdekvinnelaget, Fylket, Landbruk Nordvest. Det handler om maten vi spiser, i bredt perspektiv.

**13. februar: Møte i valnemnda** for årsmøtet i M&R Bondelag. Arild Erlien er sekretær for nemnda.

**14. februar: Årsmøte i Norsvin Møre og Romsdal,** Molde, Hans Frafjord
Jorunn Gunnerød, Molde, valt til ny fylkesleiar etter Lars Erik Hubred, Vestnes.

**14. februar: Medlemsmøte Rauma Bondelag om jordbruksforhandlingane,** Arnar Lyche

**15. februar: Medlemsmøte Gjemnes Bondelag jordbruksforhandlingane**. Inge Martin Karlsvik.

# 6 Orienteringssaker

### 6.1. Rapport frå Fylkesmannen, forebyggande/ konfliktdempande tiltak mot rovviltskader 2011 Vedlegg

### 6.2. Status for dagens gjødselhåndtering i Møre og Romsdal

**Vedlegg:** Notat av 31. januar til Norges Bondelag frå org.-sjef Arnar Lyche
Norges Bondelag har bedt om vurdering frå alle fylker om endringer i regelverk for organisk gjødsel – status for dagens gjødselhåndtering: Spredetidspunkt: Spredeareal: Lagring og spredemetoder: Gjødselplanlegging: Biorest og slam – erfaringer fra eget fylke. Miljøtiltak gjennomført av fylket mht gjødselhåndtering: Andre relevante forhold som fylke vil påpeke:

### 6.3 Informasjon om ny bruk av ledige landbruksbygg

E-post frå Fylkesmannens Landbruksavdeling 27. januar:
Prosjektet ”Landbruksbygningar og kulturlandskap – ny næring under gamle tak” har vore eit nasjonalt prosjekt frå 2009, og er no inne i sitt siste formelle arbeidsår.

Bygningsmassen i landbruket representerer ein viktig del av vår bygningshistorie og kulturarv. Det er den verdifulle kulturarven på landsbygda som kan forsvinne om den ikkje blir vedlikehalde. Bygga treng folk og fornuftig innhald om dei skal vare. Og vi må tenkje heilt annleis om vi skal ta denne delen av arkitekturhistoria med oss inn i framtida. Ved ei fornuftig bruksendring av denne bygningsmassen kan den ivaretas som historieforteljar og samtidig danne grunnlaget for ny næring. Det vil bidra til at kulturlandskapet kan haldast i hevd og det vil gje bonden fleire bein å stå på.

Fylkesmannens to delprosjekt ”Gamle bygningar til nye næringar” og ”Tilrettelegging for ny landbruksproduksjon” er no inne i ein avsluttande fase. Til saman har Fylkesmannen fått kr. 120.000,- til rådighet til desse to prosjekta.

I det første delprosjektet ønskjer vi å vise og presentere dei gode eksempla på driftsbygningar som har vore nytta til andre føremål. Det finst mange gode eksempel der driftsbygningar er nytta til føremål som barnehagar, bustader, serveringslokale o.l. Det er og ein del bønder som har slutta med mjølkekyr, og som ønskjer å nytte gode driftsbygg til oppstart av nye produksjonar. Så i det andre delprosjektet ønskjer vi å gi tilskott til vurdering av ombygging av driftsbygningar. Møre og Romsdal ønskjer mellom anna å rekruttere eit tital nye bønder til å drive med smågris dei komande åra, så det er eit ønskje å løfte produksjonen av spesielt svinekjøt gjennom ei slik støtte til vurdering av endring av driftsbygg.

1. Vi er ute etter å få vite om nokon kan ha eit godt døme på gjennomførte ombyggingsprosjekt, eller nokon som er godt på veg til ny bruk av låve og fjøs rundt om i fylket. Vi ser det som viktig å formidle dei gode eksempla.
2. Vi er ute etter å få tips om interesserte gardbrukarar som kunne tenkje seg å søkje om tilskott til å få vurdert endring av driftsbygningar til vidare bruk i husdyrproduksjon.

Vi håper å få inn mest mogleg informasjon, og at de kan bidra med å gje oss denne informasjonen. Ta kontakt med Synnøve Valle eller Byrge Fitje.

**6.4 M&R fylkeskommune: Innspel til jordbruksforhandlingane 2012**
Samrøystes tilråding frå Regional- og næringsutvalet – møte 07.02.2012
1. For Møre og Romsdal er det viktig at rammevilkåra innan husdyrproduksjonane blir godt ivaretatt i jordbruksforhandlingane. Ein vil framheve fordelane ved å systematisk nytte distriktstilskot på mjølk og kjøt for å styrke distriktslandbruket på Vestlandet.
2. Låg lønsemd i jordbruket gjer at det er behov for gode finansieringsordningar. Desse midlane må innrettast slik at dei treff behova det moderne landbruket har. Tilgangen på midlar må vere slik at driftsapparatet kan moderniserast.
3. Økologisk landbruk har ikkje hatt den utviklinga i sal som vi har kunne forventa. Det må prioriterast å lette marknadstilgangen for økologisk mat. Samstundes er det og viktig at bønder som produserar økologisk oppnår ein meir pris på sine produkt.
4. Det er viktig å behalde foredlingsbedrifter i distrikta. Distriktsarbeidsplassar i foredlingsindustrien må vere eit prioritert område, dette må det leggast vekt på når jordbruksavtalen blir framforhandla.

**6. 5 Saker frå Bygdekvinnelaget** Fylkesårsmøtet blir halde på Quality Hotel Alexandra, Molde lørdag 24. mars ca kl.11.00 og søndag 25. mars 2011 til ca. kl. 14.00

**6.6 Saker frå Bygdeungdomslaget:** Fylkesårsmøtet er laurdag 18. februar på Lauvtun i Halsa.

## Andre saker lagt ut på M&R Bondelag si heimeside - www.bondelaget.no/moreogromsdal

**Heimeside 23.01.2012: Sunnmørsmat falt i smak i Berlin**
Leder i Eidsdal og Norddal Bondelag og vara til styret i Møre og Romsdal Bondelag, Petter Melchior, er sammen med kona Torunn Ljøen fra Melchiorgarden i Norddal tilstede med produkt på Grüne Woche i Berlin. Bringebær og geitekjøtt fra Melchiorgarden skal lokke tyskerne til å stoppe opp og ta en prat med utstillerne. - Vi regner ikke med å øke salget i Tyskland, men gjennom å være en del av Fjord-Norge får vi bedre kjennskap til andre aktører i regionen. Det er viktig for oss å bygge nettverk, sier Petter Melchior, til SUNNMØRSPOSTEN.

**Heimeside 25.01.2012: - Samfunnet må ta ansvar**
- Vi kan fokusere oss forderva på det positive i landbruket, men landet gror att om ikkje samfunnet tek ansvar. Dette hevdar nestleiar Birgit Oline Kjerstad i Møre og Romsdal Bondelag. Ho er ikkje overraska etter oppslaget i Sunnmørsposten, der det går fram at storbonden på Voksa i Sande legg ned drifta. - Viss ikkje storsamfunnet snart gjev oss signal om vilje til å gå inn med gode nok rammevilkår, har vi lite å stille opp med, seier Kjerstad (SUNNMØRSPOSTEN)

**Heimeside 27.01.2012: Styret oppdaterte seg på korn- og kraftforpolitikken**
Fylkesstyret i Møre og Romsdal Bondelag fikk en solid dose med oppdatering på korn- og kraftforpolitikken under sin todagers samling og styremøte i Oslo denne uka. Det startet tirsdag med deltakelse på Felleskjøpets og Bondelagets årlige kornkonferanse. Onsdag hadde styret felles styremøte med Østfold Bondelag, der korn- og kraftfor, landbruksmelding og det kommende jordbruksoppgjøret ble drøftet.

**Heimeside 05.02.2012: Produser, produser, produser!**
Slik avslutta landbruksministeren presentasjonen av den nye stortingsmeldinga om mat og landbruk i Førde i desember. Utviklinga syner at det haster med ny optimisme og framtidstru i landbruket. Det er eit paradoks at mjølkeproduksjonen og for den del også kornproduksjonen ser ut til å flate ut og heller minke i Norge, skriv nestleiar i Møre og Romsdal Bondelag, Birgit Oline Kjestad (biletet) i eit lesarinnlegg.

**Heimeside 08.02.2012: - Må få betalt for jobben vi gjør**
- Meste ordner seg hvis vi bare får betalt for den jobben vi gjør. Gode inntektsmuligheter er det viktigste virkemiddelet for å nå de landbrukspolitiske målene. Dette var en av mange tilbakemeldinger fra de over 90 tillitsvalgte og medlemmene som møtte en engasjert bondelagsleder, Nils T Bjørke, på de to regionmøtene til Møre og Romsdal Bondelag tirsdag 7. februar.

**Møtet slutt kl 17.00**
**Arild Erlien**